

# Referat frå styresmøte 10. januar 2018

Møte starta 18:00

Møtestad: Klubbhuset

## Sakliste

1/18 Godkjenning av innkalling og referat frå 15/11-17

Vedtak: OK

Jolekalender:

Nils Kristian laga ei liste for korleis kalenderen skal lagast og kva vi må passe på under salet.

2/18 Informasjonsaker

Basistrening på Sporty: Den starta opp i dag. Blir gjennomført framover. 10 onsdagar framover.

Betaling: Litt diskusjon rundt kven som skal betale for tilbodet. Er det undergruppene eller hovudlaget? I dag betaler alle gruppene og hovudlaget ein del. Dette må vi sjekke opp med Monica korleis avtale som ligg til grunn! Åse sjekkar opp med Monica.

03/18 Økonomi/ rekneskap

Kort gjennomgang frå kasserar

Mangla ein del kontigentar. Har vore ein del problem i forhold til betaling i Min Idrett. Dette hadde også vore eit tema på styresmøtet til fotballgruppa i går.

Det er ein stor fordel at folk brukar Min Idrett. Dette skal vere oppdatert i fullskala bruk frå Idrettsforbundet i løpet av 2018. Jobben til styret blir mykje lettare om folk betaler gjennom Min Idrett.

Erling talar med Espen om han vil lage ein instruks for korleis vi gjer dette. Denne må vi få på plass i kommuneinformasjonen.

Vi har budsjettert relativt godt i forhold til inntekter, men utgiftene har vore mykje høgare enn budsjettert. Den verste utgifta har vore rekning på straum i garderoben.

Vi budsjetterte med ca 25 000kr i minus. Det er pr. i dag ca 50000kr.

Toppturgruppa: Står 13000kr på konto. Kva skal vi gjere med desse pengane? Erling talar med Espen om det er sagt noko av desse pengane.

Åse sett opp eit forslag til budsjett før neste styremøte. Dette vert sendt ut på mail til styret. Dette vert gjort med tanke på årsmøtet.

#### 04/ 18 Kort orientering frå gruppene

Symjegruppa: Dei er i gang med trening. Nye rekruttar er komme til.

Val kometen har komme med framlegg til nytt styre. Dei manglar framleis kasserar.

#### Fotballgruppa:

Hadde styremøte i går. 75 påmelde spelarar. Det blir meldt på 8 lag.

Det blir både G16 lag og J16 lag.

Grasrottenarkurs 2. og 3. mars. Dette er stadfesta frå kretsen.

#### Barneidretten:

Er i gang at med aktivitet etter juleferien.

Skikarusellen startar 23. januar.

#### Skigruppa:

Skikarusellen startar 23. januar.

Åsne Nygaard blir ny skikontakt.

#### Trimgruppa:

Har vore relativt roleg i perioden sidan sist møte.

Har også tenkt litt på eit sykkelløp?

Solveig tek kontakt med Inger Nome i forhold til ideer til mosjonsløp.

Må tenke på korleis ein skal arrangere Bispevegsmarsjen.

#### Innebandy:

Elisabeth melder om at gruppa er i gang med treningar som vanleg. Torsdag og søndag.

## 05/18 Forberedelse til årsmøtet

Onsdag 28. februar i Roan

Hugs årsmelding frå undergruppene og rekneskap budsjett. Dette må vere på plass før 12. februar.

Erling skriv årsmelding for hovudlaget og syr saman årsmøtepapira.

Erling tenkjer å lage eit skriv til årsmøtet der vi set ned ei gruppe som jobbar litt med korleis vi kan organisere styret og dei ulike gruppene for å gjere laget meir smidig i forhold til å få folk til syre osv.

## 06/18 Ymse

Forsikringar: Kven har oversikt? Erling sjekkar dette opp med Espen.

Staum i garderoben: Idrettslaget må betale for straumen. Det er varmekabel i golva som gjer at desse utgiftene fort kan auke.

Gymsalen ligg på eigen kurs så oppvarming av denne betalar vi ikkje for.

Møtet vert avslutta: 19.40

Referent

Nils Kristian Moe